

320 000 Solheim grendahus SA  
v/ Kjartan Sandnes  
Solheim 100  
5983 HAUGSVÆR

## SØKNAD OM TILSKOT TIL KULTURBYGG

Den 17. mai i år (2022) er det 54 år sidan Solheim Grendahus i Masfjorden vart opna på nasjonaldagen i 1968. Huset vart etablert som eit lutlag (L/L) med innskot frå bygdefolk og ytterlegare finansiering frå lån og innsamlingar (vi har spora innsamlingar heilt tilbake til 1937!). Huset har eit samla areal på 325 m<sup>2</sup> og er registrert som SA i Brønnøysund med organisasjonsnummer 923 783 075.



Solheim grendahus gjev rom for omfattande kulturaktivitetar med utgangspunkt i lagslivet i kommunen. Vidare må nemnast private og offentlege samkomer av ymse slag. Huset har månadlege kinoframsyrningar i regi av Norsk Bygdekino og elles kan nemnast konsertar, dans, messer (julemessa i Solheim grendahus er vidgjeten!), julebord, 4H, quizkveldar, basar, helselagstreff, strikkeklubb, seniordans, pensjonistsamkomer, «Godt vaksen fest», 17. maifeiring, juletreff, bygdekveldar – og elles utleige som møtelokale for ulike lag og organisasjonar. Av private arrangement kan nemnast utleige for barnedåp/namnefest, konfirmasjonar, bryllaup, gravferd/minnestund, slektstreff og gebursdagsfeiringar for store og små.

## BEHOVSVURDERING

Bygget har 1. prioritet i Masfjorden sine kommunale prioriteringar for søknad om tilskot til kulturbygg.

**Bygget er 54 år gammalt, og heldigvis har store deler blitt fornya og utvida under åra som har gått, men det er eit stort behov for modernisering og rehabilitering av særleg to delar – inngangsparti med toalett som er slik det var då bygget var nytt for 54 år sidan – og kjøkken som sist vart oppdatert for om lag 30 år sidan. Denne søknaden gjeld inngangsparti/toalett/universell utforming for tilgang. Kjøkkenet vil vi koma tilbake til i ein seinare søknad – varslar det allereide no.**

Huset har ein etasje, og storsal med kapasitet på 150 personar. Denne kan avdelast i to ved hjelp av ein lett skiljevegg. Vidare har huset scene med tilhøyrande garderobeanlegg, kafeteria med kjøkken og kjølerom, inngangsparti med toalettanlegg - forutan fleire mindre spesialrom. Særskild for denne søknaden kan nemnast at huset har høge dørstokkar som ikkje er i samsvar med krav universell utforming, jfr. plan- og bygningslova.

**Denne søknaden gjeld tiltak som omfattar inngangsparti (gang) med toalettanlegg og oppjustering til universell utforming slik som skissert under:**

*Vedlegg:*

- *Behovsvurdering, Masfjorden kommune*

### **A: Toalettanlegget.**

Det største og tyngste tiltaket er knytt til nytt toalettanlegg. Det eksisterande (3 toalett og ein urinal) er frå huset var nytt for 54 år sidan, men hovudproblemet er at avlaupet går i sementrøyr i steingrunnen under huset frå det vart bygd. Desse røyrane har gått tett nokre gonger, og vert opna att gjennom eit omfattande arbeid med gjennomspyling under høgtrykk. Dei som har gjort dette arbeidet meiner at årsaka er skadar på sementrøyra under huset. Ved rehabilitering av garderobeanlegg ved scena for fleire år sidan vart det lagt ned nye avlaupsrør som no går under ringmuren og vidare på utsida av huset til kum. Enden på dette røyet innandørs vart lagt fram til under vegg inn mot det gamle toalettanlegget for seinare tiltak. Tiltak A her omfattar såleis å hogga opp betonggolvet, koplå på det nyare avlaupet og byggja opp igjen med nye skiljeveggar etc. Totalreovering av dette toalettanlegget er absolutt naudsynt, og er omfatta av dette tiltaket.



Nytt avlaupsrør ligg fram til under veggen nedst i venstre hjørne av biletet. Golvet må hoggast opp gjennom dette rommet og vidare til toalettrommet ved sida av (til gøgre for biletet).

### **B: Inngangspartiet (gangen).**

Inngangspartiet har heller ikkje blitt oppgradert eller rehabilitert sidan huset var nytt. Takplatene (huntonit) er sprukke opp i skøytane og delvis losna. Frå fagfolk får vi anbefalt å lekta ned utanpå huntoniten og setja opp nye takplater med spotlys. Riving av taket blir frårådd da isolasjonen oppå er gamaldags glasvatt som bør få liggja i ro.

Det mest alvorlege er ein vasskade på nordre veggen, sannsynlegvis frå lekkasje i ei sløyse på taket. Sløysa vart reparert så snart det vart oppdaga, men platene på veggen må takast ned, inspeksjon og mogleg naudsynt reparasjon av standardverk og isolasjon utørfast, før nye plater vert sett opp att.



Vasskade i veggen på nordsida av gangen.

## C: Oppnå universell utforming for tilgang til huset (jfr. Plan- og bygningslova).



Biletet over syner eit eksempel på dørstokkar i huset, denne er 6 cm høg og ikkje i samsvar med Plan- og bygningslova (max 2 cm). Denne søknaden omfattar full gjennomgang av alle dører i Grendahuset med fjerning av dørstokkar og utjamning/rehabilitering av golvet.

### *Vedlegg:*

*Bygningsarbeid – priskalkulasjon med spesifikasjon frå Skahjem Bygg AS*

*VVS – tilbod frå Hafs elektro og rør AS*

*Elektro – tilbod frå Hafs elektro og rør AS*

*Dokumentasjon av dugnadsinnsats – Skahjem Bygg AS*

## **FRAMDRIFTSPLAN FOR TILTAKA**

I tiltaksperioden kan ikkje huset nyttast av brukarar. Det er viktig for oss å få gjort arbeidet innanfor ei kort tidsramme slik at huset kan opnast for ordinær drift og eigar igjen får leigeinntekter. Det mest effektive er å få gjort alle deltiltak under eitt, og då peikar januar/februar i 2023 seg ut som det mest gunstige tidspunkt for gjennomføring av arbeidet. Vi har fleire arrangement utover hausten, og rundt årsskiftet er det særleg mange (julemesse, juletreff, quiz, bygdekveid).

Vi er avhengige av ekstern stønad for å setja i gang, så tidspunkt for eventuell tildeling frå Vestland fylkeskommune vi bli styrande for framdrifta også. Ved eventuell tidleg tildeling av midlar før sommaren vil vi alternativt snøgt kunna snu oss rundt med mål å få gjort arbeidet tidleg haust 2022.

## **OMTALE AV DRIFT**

I innleiinga er gjort reide for dei omfattande og mangslungne aktivitetane knytt til drifta av Solheim grendahus, og skal ikkje repeterast her.

Grunna coronaepidemien har det vore svært redusert aktivitet ved huset dei siste to åra. Mesteparten av tida har smittevernreglane vore slik at det ikkje har vore mogeleg å gjennomføra arrangement. I korte periodar med lette i tiltaka har det vore nokre få private arrangement i familieregi, og nokre få kinoframsyingar.

Frå avviklinga av smitteverntiltaka denne våre kan nemnast at huset er i drift att med helselagstreff, strikkeklubb, kino, minnestund etter gravferd fram til no (påske 2022). Vidare er det på kjøreplanen utover dette året påskequiz, 17. mai-feiring, helselagsklubb, månadlege kinoframsyingar (Norsk bygdekino), 4H haustfest, «Godt vaksen» fest, julemesse, juletreff, julequiz og bygdekveld. I tillegg til dette kjem utleige for private arrangement knytt til gebursdagar, namnefest/dåp og minnestunder.

## **OMTALE AV PLAN FOR BRUK OG DRIFT**

Solheim grendahus har som mål å vidareføra og vidareutvikla den aktiviteten huset har i dag. Bygningen og tradisjonen rundt gjennom over 50 år inviterer til fleksibel og mangslungen bruk. Når arbeidet er ferdig vil vi ha universell utforming og oppgradert dei eldste delane av huset som er sterkt nedslitne. Solheim grendahus skal vera ein kulturell møtestad for alle grupper.

Med oppgraderingane vi har skissert og søkt støtte til i denne søknaden ligg det til rette for ny giv, entusiasme og utleigeverksemd, og styret vil leggja opp til endå meir aktivitet og marknadsføring av huset i vårt hovudnedslagsfelt som er Indre Masfjorden – utover det også i heile Nordhordland og Gulen (gjestespel, konsertar etc).

Sluttord: Vi har ei oppgåve til for å få Solheim grendahus heilt «ship shape», og det er oppgradering av kjøkkenet som er om lag 30 år gammalt. Vi klarer ikkje å få det til i denne søknadsrunden, men varslar med dette at vi har det som neste mål, og vil koma tilbake til kommune/fylkeskommune nå vi er klar med den oppgåva.

**Styret har vedteke å setja av inntil kr 360 000 i eigne kontante midlar som eigenkapital forutan dugnadsinnsats (kr 57.450,-) som presentert i oversikta over prosjektkostnadane.**

15.04.22

For styret i Solheim grendahus SA

Kjartan Sandnes